

## Osterøytunet viser veg med banebrytande velferdsteknologi



ANDERS TOTLAND

OPPDATERT: 30.OKT.2019 18:02 | PUBLISERT: 30.OKT.2019 18:02



Jubelen stod i taket i kantina på Osterøytunet denne dagen då roboten Decon x «kom heim» til Osterøy. Maskina skal drepe 99,9999% av alle bakteriar, virus og sporar. – Kvardagen vår blir heilt annleis. No slepp me å bli sjuke når me desinfiserer rom og utstyr, seier reinhaldar Marit Hetlevik. På biletet ser du representantar frå leverandør Norengros. Osterøytunet og fabrikkanten Decon x.

FOTO: Anders Totland

### Med desinfeksjonsroboten «Decon x» skal kvardagen for tilsette og bebuarar endre seg totalt. – No slepp me å bli sjuke på jobb, smiler reinhaldar Sheryl Mutya Endriano-Hansen.

Kvart år blir, ifølgje tal frå Folkehelseinstituttet, om lag 35.000 nordmenn ramma av ein sjukehusinfeksjon. Noko som igjen kostar norske skattebetalarar over to milliardar kroner.

For å hindre spreiding av ulike typar bakteriar og virus har ny norsk teknologi resultert i ein robot som skal knekke 99,9999 prosent av alle bakteriar og virus.

I ein måned har dei tilsette ved Osterøytunet hatt sjansen til å prøve roboten som genererer tørr tåke frå hydrogenperoksid og nyttast både forebyggjande og ved utbrudd.

I ein måned har dei tilsette ved Osterøytunet hatt sjansen til å prøve roboten som genererer tørr tåke frå hydrogenperoksid og nyttast både forebyggjande og ved utbrudd.

– Det er ein gledens dag, smiler einingsleiar Åse Vevele.



Her er einingsleiar Åse Vevele med Decon x - maskina som enno ikkje har fått eige namn. – Roboten må ha eit namn, smiler ho.

FOTO: Anders Totland



Roboten genererer tørr tåke frå hydrogenperoksid og desinfiserer eit rom. Etterpå kan ein utføre vanleg vask av rommet.

FOTO: Anders Totland

### Førebyggjande effekt

Vevele strekar under at Osterøytunet ikkje har hatt noko epidemiproblem å vise til, men ønskjer å gjere miljøet tryggare for alle som kjem innanfor dørene.

– Me investerer fordi me har tenkt på forebyggjning av smitte blant bebuarar, tilsette og besøkande, fortel ho og legg til:

– Men først og fremst var det eit klart ønske frå reinhaldsavdelinga. Tidlegare nytta dei ulike kjemikalier som rett og slett gjorde dei sjuke. Her gjer roboten arbeidet trygt og grundig, samstundes som ein kan gjere andre oppgåver på arbeidsplassen.

Å desinfisere eit rom vil, ifølgje produsenten ta mellom tre og fire timar - avhengig av storleiken på rommet.



Ergoterapeut Andreas Revne har i lag med fleire ansvar for ulike hjelpemiddel som blir nytta på Osterøytunet. – For måtte ein scrubbe alt for hand, medan no kan roboten gjere jobben. Kvardagen blir enklare, seier han.

FOTO: Anders Totland

### Hindrar sjukdom og smitte

Dei tilsette kan meddele om krevjande arbeidsforhold før roboten fann vegen til Osterøy.

– Me nytta sterke kjemikalier som me blei sjuke av. Eg hadde vondt i hovudet, var kvalm og fekk pusteproblem. Det er det no slutt på.

– Å ha ein robot som desinfiserer så grundig er heilt kanon, skyt reinhaldar Marit Hetlevik inn.

I ein måned har ho brukt ein lånerobot på Osterøytunet, og er no glad for at sjukeheimen har investert i ein heilt ny maskin.



Sheryl Mutya Endriano-Hansen har kvidd seg til å ta i bruk sterke kjemikalier når ho desinfiserer eit rom på Osterøytunet. Desse dagane er no forbi.

FOTO: Anders Totland

– Me sparer tid. Me får moglegheit til å gjere anna viktig arbeid samstundes som me ikkje blir dårlege på jobb.

– Nei, roboten fjernar ikkje synleg smuss og flekkar, og det er ikkje meininga at me skal ta jobben fra nokon. No syt me for at romma og hjelpemiddel blir heilt desinfiserte på ein ansvarleg og trygg måte – til glede for alle på Osterøytunet.



Reinhaldsavdelinga er utruleg glade for roboten som skal gjere kvardagen deira mykje enklare. Frå venstre: Sheryl Mutya Endriano-Hansen, Marit Hetlevik, Linn-Therese Vedå og May Rognvold (fagansvarleg).

FOTO: Anders Totland

### Kan få fleire arbeidsoppgåver

Osterøytunet er den første kommunen på Vestlandet som no nyttar den banebrytande velferdsteknologien.

I tillegg håper ho at maskina kan få fleire arbeidsoppgåver i tida som kjem.

Fleire steder der det er viktig å ha eit sterilt og trygt miljø kan ha nytte av roboten, seier Vevele og lovar vidare å finne eit passende namn til roboten.

– Her får me ha ein liten «brain-storming», flirer ho.